

Invitasjon til næringslivet i Modalen om deltaking i årets TV-aksjon – La barn leve i fred

Tenk på deg sjølv då du var 10 år. Kva var du interessert i og kva drøymde du om? Kanskje du likte å spele fotball eller eit instrument. Kanskje drøymde du om å bli politi, lærar eller lastebilsjåfør?

Tenk deg så å vere 10 år, men at interessene og draumane dine er bytt ut med bomber og granatar. Du veks opp i ei krigssone og du føler deg ikkje trygg i din eigen heim. Familiemedlemmer og vener vert skadde eller dør og kvar dag du vaknar opp, kan vere din siste. Brått kan du måtte flykte frå alt og alle du kjenner.

Dette er røynda for mange born. Så mange som 450 millionar born veks opp i krigs- og konfliktområder, og det har aldri vore så mange born på flukt i verda som i dag. Kvar dag vert born utsett for krigen sin brutalitet som tek frå dei leik, læring og håp for framtida.

Me har alle vore born ein gong og me veit at slik skal ikkje oppveksten vere. Born er fyrst og fremst born. Dei er ikkje krigens born, ikkje flyktningeborn, men born med eigne tankar, kjensler og fantasi, med behov for kjærleik og omsorg. Born vil leike og lære, og drøyme store tankar om framtida. Dei er born som har rett til å vekse opp i trygge omgjevnader og dei har rett til å verte høyrde.

Det er dette TV-aksjonen handlar om i år. Saman med dykk skal me beskytte born som er råka av krig, og me skal vere med å gje dei pusterom til å vere born. Tryggleik til å leike, lære og leve i fred. Pengane som vert samla inn i år går til organisasjonen Redd Barna. Dei er tilstades der borna treng det, og bidreg til at born, og dei som stiller opp for dei, får den hjelpa dei treng. Midlane skal gå til tiltak som gjer familieane, skulane og nærmiljøa tryggare. Pengane skal fordelast mellom prosjekt i **Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør – Sudan, Den demokratiske republikken Kongo og Noreg.**

Har du og di bedrift lyst til å være med å hjelpe nokre born til å få vere nettopp born, gje dei nytt håp? Då kan eg hjelpe dykk med det.

Oppskrifta er som følgjer:

Frå Steinsland til Mo er det 23,6 km med fylkesveg og denne strekninga planlegg eg å gå, **laurdag 7.oktober** med start på snuplassen på Steinsland, sånn ca kl 0900. Det skal koste ei kilometeravgift å gå denne turen. Eg vil sjølv bidra med **60kr/km** frå eiga lomme og oppfordrar difor dykk å setje ein pris pr. km, som de ynskjer å bidra med. Det ikkje nøye om summen er 10kr, eller 1000 kr/km. Understrekar at det er heilt frivillig å bidra.

Om de vert med på dette kan beløpet registrerast på: <https://www.spleis.no/project/333115>

Har de spørsmål ring meg på 476 35 709, eller e-post: kjetil.eikefet@modalen.kommune.no

Og om nokon ynskjer å gå i lag med meg er det lov. Treng ikkje gå heile strekninga.

Mvh

Kjetil Eikefet

Ordfører

